

## Møte i den parlamentariske granskingsgruppa for Europol

26. september 2018

- *Stor deltaking frå EU-landa på møtet i granskingsgruppa for Europol denne veka der mange var opptatt av budsjettsituasjonen for Europol framover*
- *I tillegg til prioriteringane for arbeidet til Europol, drøfta møtet spesielt personvern, kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering og kommissæren for sikkerheitsunionen rapporterte om Kommisjonens prioriteringar.*
- *Danmark ynskjer full deltaking i gruppa, men dette blir truleg ikkje avklart før etter brexit og avklaring av Storbritannias framtidige tilknytning til Europol*

Europaparlamentet og det austerrikske EU-formannskapet arrangerte denne veka det halvårlege møtet den felles parlamentariske granskingsgruppa for Europol i Brussel. [Parlamentarikarar frå 26 EU-land](#) deltok på møtet. På grunn av det nylege valet deltok ingen svenske parlamentarikarar og danske parlamentarikarar deltek som observatørar sidan Danmark ikkje er medlem i Europol. Det neste møtet i granskingsgruppa vil finne stad i Bucuresti 24. og 25. februar 2019.

[Dagsorden](#) for møtet omfatta både drøfting av prioriteringane for verksemda til Europol framover, personvern, kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering og ein statusrapport frå kommissær for sikkerheitsunionen, Julian King.

### *Ressurssituasjonen til Europol*

I diskusjonen om prioriteringane kom det fram av det er lagt opp til kutt i budsjettet til Europol. Fleire oppmoda derfor sine kollegaer om å ta opp dette nasjonalt med sine respektive regjeringar slik at Euopols ressursituasjon kan bli sikra i samband med EUs langtidsbudsjett.

### *Datatilsyn*

Ein representant for the European Data Protection Supervisor (EDPS) orienterte om korleis det gjennomfører både juridiske, tekniske og administrative inspeksjonar av Europol. EDPS har også gjennomført ein inspeksjon av korleis sikkerheita blir sjekka på hotspots for migrantar. EDPS har eit tett samarbeid med nasjonale datatilsyn både når det gjeld spesifikke spørsmål knytt til politiverksemd og generelt. Det har også eit tett samarbeid mellom anna med Frontex. Europol har inngått eller ynskjer å inngå avtaler med Tyrkia, Libanon, Israel og land i Nord-Afrika om utveksling av data. EDPS følgjer med på desse avtalene. Frå europeisk side er det primært eit ynskje å få tilgang til data, men det vart vist til at desse landa sjølvstø ventar at datastraumen går bae vegar.

### *Kvitvasking og terrorfinansiering*

Ein representant frå den nederlandske påtalemakta gjorde greie for eit pilotprosjekt med deltaking både av styresmakter og nederlandske bankar for å bekjempe kvitvasking av pengar og terrorfinansiering. Jamvel om det i all etterforsking som regel er fokus på å identifisere om pengar kan ha gått til terrorfinansiering eller blitt kvitvaska, er dette vanskeleg å finne prov for dette. Pilotprosjektet har som mål å styrke metodane å identifisere uvanlege overføringar og sikre rapportering til styresmaktene der det blir vurdert som nødvendig. På spørsmål om rolla til kryptovalutta viste han til at dette spelar ein relativt liten rolle i terrorfinansiering eller kvitvasking.

Det er eit vel så stort problem at det er småbeløp som blir overfør på tradisjonelt vis og som det er vanskeleg å følgje.

Europol gjorde greie for si verkesemd knytt til etterforsking av økonomisk kriminalitet. Etterforsking av slik kriminalitet er ofte ein viktig del av etterforskinga av til dømes narkotikakriminalitet eller terror. Det er store svarte beløp i omløp i Europa – berre omsetninga frå syntetiske narkotiske middel gjev kriminelle nettoinntekter på minst 20 mrd. euro kvart år. Kvitvasking skjer stadig i stor grad gjennom tradisjonelle metodar som stråselkap og kontantkurerar, men det er ein tendens til at kriminelle utnyttar nye betalingsmetodar. Slik metodar er ofte mindre regulerte enn etablerte metodar. Det er derfor viktig å investere meir i kunnskap og metodikk knytt til slike nye metodar. Europol deltek derfor i ulike internasjonale nettverk og internasjonalt samarbeid. Europol stadfesta at pengar frå menneskesmugling også utgjer ein del den svarte økonomien og at dei har fokus på dette. Det vart også peikt på at svindel med meirverdiavgift er eit stort problem og enkelte parlamentarikarar kritiserte medlemslanda for ikkje å ha gjort nok for å tett hol i systema for meirverdiavgift. Det vart også vist til at manglande innsyn i reelt eigarskap i aksjeselskap er eit problem.

Europol sa det samla sett er viktig å leggje til rette for å utveksle informasjon og å styrke samarbeidet med private aktørar som bankar. Det er også viktig å leggje til rette for å støtte medlemslanda i deira etterforsking av økonomisk kriminalitet og utvikle system for å utveksle beste praksis. I alle etterforsking av organisert kriminalitet er det viktig å ha fokus også på økonomiske aspekt og det er viktig å styrke innsatsen for å kunne attvinne pengar.

*Kommissær for sikkerheitsunionen, Julian King*

Kommissær for sikkerheitsunionen orienterte på slutten av møtet om status for Europakommisjonens arbeidet med knytt til ulike sikkerheitsutfordringar. Sentrale innsatsområde er nettkriminalitet, organisert kriminalitet, hybridtrugslar og kjemiske og radioaktive trugslar. Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker kom i sin årstale med fleire konkrete framlegg. Det omfattar mellom anna tiltak for å fjerne terrorinnhald på nettet. Slikt innhald har på ulikt vis spelt ei rolle i alle terroråtaka i Europa dei siste åra. Framlegget er at nettplattformer må fjerne slikt innhald innan ein time dersom nasjonale styresmakar kjem med eit krav om dette. Det er også eit mål lettare å kunne stenge plattformer som aktivt blir brukt til å spreie slikt innhald og det blir krav til medlemslanda om å bruke ressursar på å identifisere og fjerne slikt innhald.

Juncker annonserte også ein pakke med tiltak for å sikre trygge val nasjonalt og til Europaparlamentet. Den omfattar mellom anna etablering av tverrfagleg samarbeid nasjonalt, europeiske nettverk, tiltak for å gjere politiske parti medvetne om å sikkerheitstiltak for eigne nettverk og tiltak mot falske nyheiter.

Kommisjonen arbeider aktivt med tiltak på cybertrugslar. Dette omfattar både styrka samarbeid, betre beredskap og avskrekking. Det er viktig at både offentlege og private aktørar arbeider meir aktivt med dette. Det blir arbeidd med tiltak for at styresmakar i eit land kan får raskare tilgang til informasjon om t.d. SMS- eller meldingstrafikk i eit anna land. Terrorfinansiering og kvitvasking er eit anna satsingsområde. Mellom anna skal EUs tilsyn, inkludert banktilsynet, auke innsatsen knytt til dette. Det omfattar betre analyse av overføringar av småbeløp, tilgang til bankkonti og finansiell analyse. Også her er det viktig med betre samarbeid nasjonalt og mellom medlemsland.

EU styrkar også samarbeidet med andre land. Dette omfattar bistand til å byggje opp betre system og kapasitet i EUs nabolag. Både det Europol og det europeiske politiakademiet (Cepol) er viktige her. EU har også eit tett samarbeid med mellom anna USA og Canada og arbeider også med å inngå internasjonale avtale med nye partnerland for Europol.

#### *Arbeidsgruppe for Danmarks tilknytning*

Danmark som ikkje er med i Europol pga. sitt unntak på justisområdet, men har likevel bedt om å bli fast medlem av granskingsgruppa. I forretningsorden for konferansen er Danmark berre gjeve observatørstatus. Det er etablert ei arbeidsgruppe for å drøfte Danmarks status fram mot ein gjennomgang av forretningsorden hausten 2019. Arbeidsgruppa hadde sitt fyrste møte denne veka. Medan det frå dansk side var forventningar om substansdiskusjon om full dansk deltaking, avgrensa Europaparlamentet og dei tre troikalanda (Bulgaria, Austerrike og Romania) møtet berre til å etablere gruppa. Ein grunn til dette er truleg brexit og uvilje mot å avgjere kor tett Danmark kan delta i dette samarbeidet før det er avklart kva tilhøve Storbritannia vil få til Europol framover.

#### *Kommentar*

Dei nasjonale parlamenta og EU-landa brukte fleire år på å drøfte formatet og samansetninga av den nye granskingsgruppa. Møtet denne veka var det fyrste møtet etter at forretningsordenen er på plass, og gruppa har ikkje funne si form ennå. Det var stor deltaking på møtet som gav rom for å informere og stille spørsmål. Formatet eignar seg kanskje ikkje til detaljert granskning av verksemda til Europol. Det tyske forbundsdagen har vore svært opptatt av korleis denne gruppa skulle organiserast, men dei tyske parlamentarikarane var passive denne veka. I staden har forbundsdagen sendt inn ei rekkje skriftlege spørsmål knytt til Europols verksemd.

[Forretningsorden for gruppa](#) opnar (jf. punkt 2.2.) for å invitere «on an ad hoc basis and for specific points on the agenda, observers from the list of international organisations or third countries with which Europol has concluded agreements.» Det var ingen parlamentarikar frå tredjeland som deltok møtet denne veka. Både Noreg og Sveits har tidlegare vist interesse for denne gruppa, men ingen av landa hadde spurt om å få delta på dette møtet. Det er derfor så langt ingen presedens for korleis forretningsorden skal tolkast og kor stor del av møtet norske eller sveitsiske parlamentarikarar eventuelt vil få delta på.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar  
Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)